



## Statens vegvesen

ABO Plan & Arkitektur AS  
Postboks 291  
5203 OS

Behandlande eining:  
Region vest

Sakshandsamar/telefon:  
Marianne Skulstad / 55516253

Vår referanse:  
16/27510-2

Dykkar referanse:

Vår dato:  
17.03.2016

### Varsel om oppstart av detaljregulering for Langeland B5 – gnr. 24 bnr. 7 og 90 m.fl. i Meland kommune

Vi viser til motteke varsel om oppstart av detaljregulering for Langeland B5, gnr. 24 bnr. 7 og 90 m.fl., i Meland kommune.

Føremålet med planarbeidet er å detaljregulere eigedomane til bustadføremål, næring og landbruk, i samsvar med avsett arealbruk i kommuneplanens arealdel. Føreslått planområde tek og med del av Fosseskarvegen og Torvvegen, som er tilkomstveg inn i planområdet. Kryss med Fv. 244 Sagstadvegen er utelate frå føreslått planområde.

Det er nyleg utført trafikktryggingstiltak på fv. 244 ved Sagstad skule, slik at skuleborn i område B5 vil få ei trygg kryssing av fylkesvegen.

#### Krav til tryggingstiltak langs fv. 244

Område B5 ligg relativt sentralt til, med under 1 km til kommunesenteret Frekhaug. Innanfor slike avstandar er det ønskeleg at ein stor del av reisene skjer med sykkel eller til fots. Det er òg svært få bussar som trafikkerer strekninga på fv. 244, og det er difor sannsynleg at mange vil føretrekke å ta buss frå Frekhaug terminal i staden. Eit godt og trygt gang- og sykkeltilbod kan få fleire av desse reisene på sykkel eller til fots.

Det er allereie mange som går langs denne vegen i dag, og etter vårt syn har vegen med dagens standard nådd eit mettingspunkt, spesielt av omsyn til gåande og syklande. Dagens veg er ikkje bra nok for den auka bruken som ein legg opp til ved utbygging av område B5, og ved nye målsetningar om ein høg del gåande og syklande.

Statens vegvesen krev difor at det må etablerast eit separat tilbod for gåande og syklande langs fv. 244 før bustadområdet kan byggast ut. Dette må forankrast som rekkjefølgekrav i føresegnene til planen. Vi viser i den samanheng til kommuneplanens føresegn §1.5.2,

Postadresse  
Statens vegvesen  
Region vest  
Askedalen 4  
6863 LEIKANGER

Telefon: 02030  
firmapost@vegvesen.no  
Org.nr: 971032081

Kontoradresse  
Nygårdsgaten 112  
5008 BERGEN

Fakturaadresse  
Statens vegvesen  
Landsdekkende regnskap  
9815 Vadsø

første punkt, og §1.5.3, andre punkt, som omhandlar planlegging av naudsynt infrastruktur ved etablering av byggeområde.

Statens vegvesen meiner vidare at planområdet må utvidast til å omfatte fv. 244 frå kryss med Fosseskarvegen til kryss med fv. 564 på Frekhaug. Det må regulerast vegløyising med standard Sa2 i samsvar med handbok N100, der vegbreidde er 5,5m meter + vegskulder. Tilbod for gåande og syklende må regulerast som sykkelveg med fortau, med minimum 2,5 meter for syklende og 1,5 meter for gåande + vegskulder, jf. handbok N100, kap. E.2.

Statens vegvesen forventar at handbok N100 blir lagt til grunn ved planlegging av vegløyising, kryssområde og tilbod for gåande og syklende.

Ein reguleringsplan for dette området utan rekkjefølgekrav om separat tilbod for gåande og syklende langs fv. 244, vil etter Statens vegvesen si vurdering kome i konflikt med nasjonale arealpolitiske føringar om trafikktryggleik og betre tilrettelegging for gang- og sykkeltrafikk.

Plan og forvaltning – Bergen  
Med helsing

Sindre Lillebø  
seksjonssjef

Marianne Skulstad  
senioringeniør

Kopi  
Hordaland fylkeskommune – Regionalavdelinga, Postboks 7900, 5020 BERGEN  
Meland kommune, Postboks 79, 5906 FREKHAUG

*Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.*